

**Tilskot til freda kulturminne i privat eige, kulturmiljø og kulturlandskap i Hordaland 2018. Søknader med grunngjeving**

Nr.	Søkjjar	Objektnamn	Tiltaket jf. søknad	Totale utgifter	Omsøkt	Tildeling	Grunngjeving
1	Ludvig Korsøen (Jan-Helge Krossøy)	Sjøbu på Krossøy (ID - 5)	Utbetring av taklekkasje og råteskadd stav, og skifte av kledning.	104 000	80 000	30 000	Taklekkasje og råteskade vert vurdert som støtteverdige, og tilskotet går til denne delen av tiltaket. Dette tiltaket er alt utført, i samråd med fylkeskommunen. Skifte av kledning er også utført, men utan løyve. Dette vert det difor ikkje gjeve tilskot til.
2	Ludvig Korsøen (Jan-Helge Krossøy)	Naust Krossøy (ID -1)	Stabilisering av grunnmur, golvbjelkar og grindverket. Vidare utskifting av noko kledning og vindskier/dekkbord, samt vøling av taket over svola, då det er lekkasje der.	101 500	75 000	75 000	Bygningane i Krossøy står svært verutsatt til, og er til tider skadeutsett for stor/høg sjø. Tiltaket er viktig for ivaretaking av bygningen.
3	Stiftelsen Espeland fangeleir	Pumpehus Espeland fangeleir	Sikring av bygget. Tetting og rekonstruksjon av ytre tak. Utbetre store fukt- og råteskader i tak og himling. Sette inn kopiar av vindauge, luke og dør. Utbetre murvegger m/ bl.a. pussing, inkl. gavl.	355 125	210 000	210 000	Stiftinga overtok eit stort anlegg med omfattande vedlikehaldsbehov. Leiren er ein unik representant for sin type kulturminne. Det har vore søkt om midlar til pumpehuset over fleire år, men andre prosjekt har då blitt prioritert høgare. Kalkylen i søknaden er realistisk og tiltaket vert prioritert i år.
4	Stiftelsen Fjelberg prestegard	Fjelberg prestegard, hovudhuset	Stabilisere/forsterke takkonstruksjonen på hovudbygningen. Søknaden legg opp til å utføre arbeidet i to etappar, der den nordre delen blir forsterka først.	778 750	250 000	100 000  Førehands- tilsegn: 150 000	At takkonstruksjonen blir sikra er ein føresetnad for å ta vare på bygninga. Ei utføring i to etappar gjer det naturleg å fordele tilskotet over to år, høvesvis til 1. og 2. etappe.
5	Krigsveteranenes minne Kronstad hovedgård	Kronstad hovedgård, stallen	Vidareføring av istandsettinga: taktekking, golv på loftet, porter, vindauge og dører, kledning over 1. etg. ny trapp til loftet samt nytt elektrisk anlegg.	2 050 000	1 000 000	700 000  Førehands- tilsegn: 300 000	Fleirårig tiltak som har kome langt, og som det er viktig å få ferdigstilt. Prosjektet har god kostnadskontroll. Tilskotet for 2018 skal primært gå til taktekking

							og kledning, førehandstilsegnet for 2019 til øvrige tiltak i søknaden.
6	Stiftinga Fjell Festning	Fjell festning, fjellanlegget	Innkjøp og montering av nytt avfuktingsanlegg, då eksisterande avfuktar ikkje fungerer tilfredsstillande og fører til fuktskadar i fjellanlegget.	241 563	200 000	200 000	Fjellanlegget på Fjell festning er eit sjeldant kulturminne, med særskilte utfordringar når det gjeld fukt. Eit effektivt avfuktingsanlegg vil ha ein førebyggjande verknad, betre inneklimate og redusere skadeomfanget. Tiltaket er prosjektert av firma som har særleg kompetanse på feltet.
7	Christinegaard hovedgaard AS	Christinegård, hovudbygning	Istandsetting av yttervegger, dører, vindauge og kjeglebane, samt trepleie i hagen.	1 050 000	723 514	400 000 Førehandstilsegn 150 000	Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilheitleg pågåande istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Trepleie kan få tilskot sidan trea utgjer ein risiko for hovudhuset. Nærare prioritering av kva for enkelttiltak tilskotet skal gå til må gjerast i samråd med Fylkeskonservatoren.
8	Christinegaard hovedgaard AS	Christinegård, hagemuren	Istandsetting av hagemurane og taket over dei	1 852 500	1 276 486	500 000 Førehandstilsegn 600 000	Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilheitleg pågåande istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. På bakgrunn av at to andre tiltak på egedomen vert støtta i år, vert det gjeve delvis støtte dette året, og førehandstilsegn for 2019.
9	Christinegaard hovedgaard AS	Christinegård, driftsbygning	Istandsette etasjeskille, som har omfattande skader og soppangrep. Truleg må 5-10 bjelkar skiftast, samt delar av golvet.	500 000	500 000	400 000	Christinegård er eit stort og særprega anlegg med stort istandsettingsbehov. Tiltaka her er del av ein heilheitleg pågåande istandsetjingsplan som det er prioritert å følgja opp. Tiltaket er viktig både for å hindra vidare

							skader og for å kunne bruka bygningen.
10	Christa Haake von Erpecom	Lysekloster kapell	Vedlikehald (måling) og utskifting av ein del takstein.	152500	65 000	65 000	Som listeført kyrkje i privat eige vert bygningen vurdert å falle inn under tilskotsordninga. Tiltaket inneber ein del vanleg vedlikehald, men gir høge rigggkostnader. Tett tak er vesentleg for ivaretaking av kapellet. Tiltaket har høg eigenandel.
11	Gerdt Meyer Bruun AS	Reperbanen Fjøsanger	Vidareføring av istandsettinga: prosjektering av sprinklaranlegg. Videreføring av arbeid med tak og berekonstruksjonar. Arbeider med utvendig terreng og drenering . Justering av terrenghøgde langsetter vestfasade mot sør. Tiltak for å redusere fukt i jordgolv og skadar på veggkonstruksjonar.	4 250 000	3 850 000	500 000 Førehandstilsegn 750 000	I desember 2017 fekk tiltaket 2 mill. i ekstratilskot frå Riksantikvaren, slik at det alt står mykje midlar til disposisjon for 2018. Sidan dette er eit omfattande prosjekt som det er viktig å få ferdigstilt, vert det likevel løyva tilskot også ved denne tildelinga. Tilskotet skal primært gå til tak og berekonstruksjonar.
12	Venelaget for slepa mellom Osa og Hallingskeid	Slepa mellom Osa og Hallingskeid	Setja i stand stien frå Osa, gjennom Norddalen og opp til Hallingskeid. Stien er i dag T-merka som ein del av turistforeininga sit rutenett. Store deler av stien er i dag borte grunna ras, og ei istandsetting vil være svært omfattande.	2 000 000	250 000	Avslag	Stien er registrert som automatisk freda kulturminne frå førreformatorisk tid. Tiltaket fell ikkje inn under forvaltning eller skjøtsel av særskilt verdifulle <i>kulturlandskap</i> . Tiltaket vert difor vurdert å falla utanfor rammene for denne tilskotsordninga.
13	Stiftinga Hesthamar skrivargard	Hesthamar Skrivargard	I samband med pågåande takrehabilitering vil ein skifte kledning og vindaug på fasaden mot sør som er i dårleg forfatning.	520 000	200 000	200 000	Tiltaket vil bidra til å ta vare på bygningen og bør difor prioriterast. Det vil vere kostnadsbesparande dersom det blir gjort i same tidsrom som takrehabiliteringa. Prosjektet er grundig planlagt, og det omsøkte tiltaket har reeltivt høg eigenandel.

14	Eirik Øvreeide	Rekvemylna	Setja i stand sloket, turbinen og vasshjulet.	262 500	262 500	200 000 Førehandstlsegn 50 000	Eit sjeldsynt kulturminne av si art, der det tekniske utstyret utgjør ein vesentleg del. Første etappe i arbeidet fekk tilskot i fjor, og vidare tilskot vil gjera det mogleg å ferdigstilla tiltaket.
15	Stiftinga Herand Aktiesagbrug	Herand oppgangssag	Vasshjulet til sirkelsaga vart restaurert og montert i 2017. No står det att å justere vassrenna, justere sagbordet, montere ny balatareim (flatreim) og finjustere. På bygningen må det skiftast 10 m2 kledning.	135 000	130 000	100 000	At saga er i drift er ein viktig del av dette kulturminnet, men gir òg eit stort behov for vedlikehald. Istandsetting av vassrenna vert prioritert.
16	Lindåsslusene c/o Ragnhild T. Langøy	Lindåsslusene, sluseplattung med skur	Istandsetting av skuret på sluseplattingen: Skifte av kledning, listverk, betongarbeid, takarbeider inkl. blikkenslager, dører bør skiftast, vindauge restaurerast. Området rundt må ha bedre drenering for å ivareta bygget.	476 896	401 896	300 000 Førehandstlsegn 50 000	Lindås sjøsluser er eit viktig og sjeldant kulturminne knytt til kystkultur. Delar av anlegget er i statleg eige og teke med i landsverneplan for Kystverket. Skuret er i privat eige og i dårleg stand. Det er brukt store midlar til istandsetting av sluseanlegget og det vert difor prioritert å følgje opp dette arbeidet også når det gjeld denne bygningen.
17	Arnt Rune Trohjell	Toskedalsstova	Vidareføring av gjenreisinga av stova.	1 088 125	953 125	700 000 Førehandstlsegn 250 000	Pågåande prosjekt som står i ei særstilling (demontert bygning som vil verta automatisk freda når han er gjenreist). Difor er det her lagt til grunn ein lågare eigenandel enn i andre prosjekt av same storleik. Det vert òg vektlagt at prosjektet har stort undervisnings- og formidlingspotensiale.
18	Jon Geir Høyersten	Bakeriet til Broch-huset	Taket er tekka med rastaheller og teglpanner. Taket som vender mot sør-vest (rasteheller) må omleggast, då heller har falt ned.	100 000	90 000	75 000	Det er viktig for ivaretaking av huset at taket er tett og steinhellene ligg trygt. Rastehelletak er tids- og kostnadskrevjande å vøle/sette i stand. I tildelinga vert det lagt til grunn ein noko høgare eigenandel enn i søknaden.

19	Norsk Vasskraft- og Industri- og museum	Odda Smelteverk, smia	Vidareføre istandsettinga. Søknaden for i år gjeld ståldører, vedlikehald av overflater (puss/maling) restaurering av vindauge, kjøp av avfuktar og montering av vifte.	538 536	538 522	250 000 Førehandstilsegn 250 000	Vidareføring av pågåande prosjekt. Av dei omsøkte tiltaka vert det i år gjeve støtte til å utbetre skadar etter tidlegare lekkasjar (puss/maling) i yttervegger, samt innkjøp av avfuktar og montering av vifte. Førehandstilsegna skal gå til resterande tiltak i søknaden.
20	Stig Fredheim	Tørrmura naust frå 1580	Vidareføring av pågåande istandsetjing (oppattmuring av tørrsteinsmurar og utbetring av takkonstruksjonen, som no er demontert og ligg lagra ).	1 300 000	500 000	350 000 Førehandstilsegn 150 000	Pågåande istandsettingsprosjekt som bør prioriterast vidare. Den høge alderen gjer kulturminnet sjeldsynt. Tørrmuring med slik stein som er brukt her er ei stor utfordring der kostnadsbilete er uvisst. Istandsettinga av takkonstruksjonen som no ligg lagra og taktekkinga er meir føreseieleg. Sakas natur - ei fersk automatisk freding av eit kulturminne med stort istandsettingsbehov - tilseier høg tilskotsandel. Årets tilskot skal primært gå til vidare arbeid med murveggene.
21	Anne-Margrete Konow Lund	Sophies Minde	Restaurering av to ytterdører; utbetring av roteskader i vegg, vindauge og tak på kortsida mot nordaust; samt utgreiing av tiltak på baksida, der mur og tilbygg er i dårleg stand og utilgjengelig pga. plassering ut mot eit stup. i første omgang.	289 375	289 375	280 000	Søknaden gjeld fleire mindre utvendige tiltak som er viktige for ivaretaking av bygningen. Plasseringa av huset i terrenget gjer vedlikehald av baksida særskilt utfordrande. Utgreiing av tiltak her er difor viktig, men har det ikkje lukkast å få inn eit presist kostnadsestimat. Det vert opna for at noko av tilskotet kan nyttast til utgreiing/forundersøking av baksida, og at ein heller legg inn noko eigenandel i dei øvrige tiltaka.
22	Anne-Margrete Konow Lund	Sophies Minde, hagen	Kartlegging og prosjektering av opprusting av hagen.	20 000	20 000	20 000	Ein heilskapleg plan er eit godt grunnlag for skjøtsel og

							ivaretaking av grønne kulturminne. Det vert difor gjeve tilskot til kartlegging/prosjektering som vil inngå i ein slik plan.
23	Stiftelsen Agatunet	Lensmannstova, Aga	Omlagging av helletaket og utskifting av råteskadd treverk. Treverket vil bli sprøyta mot mit og husbukk.	461 700	350 000	350 000	Tiltaket er del av ei heilskapleg istandsettingsplan for Agatunet. Fleire tak i tunet er vølt dei siste åra og prosjekta har hatt god styring, framdrift og eit rimeleg kostnadsnivå. Prosjekta har òg vore nytta til formidling i ulike samanhengar.
24	Geir Sundal	Melands/Olsafloren, Havrå	Gjenreise/restaurere bygningen slik den var i 1949-50.	284 625	160 000	Avslag	Det føreligg ingen godkjenning av tiltaket etter kulturminnelova og det er trong for prinsipielle avklaringar før ein evt. kan prioritera tilskot til rekonstruksjon av bygningar på Havrå som i dag ligg som ruin. Derfor vert dette tiltaket ikkje prioritert.
25	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, glasstove (ID -3)	Fullføring av istandsetting: ny pipe, montering av original dør samt list rundt eitt vindauge.	67 000	67 000	67 000	Tiltaket inneber ferdigstilling av istandsettinga. Eigar har ansvar for mange bygningar i Yståstunet. Det er også lagt vekt på at tunet er under freding, og at fredingssaka vil tena på at husa er i god stand. Difor vert heile søknadssummen innvilga.
26	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, stabbur (ID -7)	Kle ein vegg der dei nedste omfara alltid er våte pga. drypp frå taket.	25 000	25 000	25 000	Tiltaket vil bidra til å ta vare på bygningen. Kostnadsestimatet er rimeleg. Eigar har ansvar for mange bygningar i Yståstunet. Det er også lagt vekt på at tunet er under freding, og at fredingssaka vil tena på at husa er i god stand. Difor vert heile søknadssummen innvilga.
27	Aslaug Jorunn Nestås	Yståstunet, røykstove/mosstove (ID -5)	Kle ytterveggene for å hindra råteskader på laftetømmeret	50 000	50 000	50 000	Veggane står eksponert for vær og vind, og kledning vil bidra til å ta vare på bygningen. Kostnadsestimatet er rimeleg.

							Eigar har ansvar for mange bygningar i Yståstunet. Det er også lagt vekt på at tunet er under freding, og at fredingssaka vil tena på at husa er i god stand. Difor vert heile søknadssummen innvilga.
28	Sandviksveien 60 og 62 AS	Mesterhuset	Vidareføring av istandsettinga: kopiering av vindauge og portal, montering av portal og listverk, maling, bygging av grue, takvindauge, restaurering av listverk, innvendige dører, golvlegging innandørs.	2 220 000	1 110 000	700 000 Førehandstilsegn 400 000	Omfattande istandsettingsprosjekt som har gått over fleire år. Prosjektet har god styring og gjennomføring og høg eigenandel. Alle tiltaka er stønadsverdige. I år vert arbeid med vindauge, dører, listverk og grue prioritert.
29	Øystein Os Simonsen for Kari Os Eskeland	Slira voktarbustad	Reparasjon av skifertak, utbetring av piper samt legging av tretak på sidefløyene.	942 763	942 763	750 000	Utbetring av tak og piper er naudsynt for å beskytte bygningen mot forfall. Bygningen ligg ekstremt verutsett til, og det gir stort løpande vedlikehaldsbehov som det er rimeleg å kompensera ved å leggja til grunn ei låg eigenandel i dette tiltaket. Mindre delar av tiltaket er alt utført.
30	Bymuseet i Bergen	Alvøen hovedgård, hovedbygning	Reparasjon av takrenner og nedlaup som lekk.	86 000	60 000	60 000	Å utbetra lekkasjar er viktig for ivaretaking av bygningen. Tiltaket medfører ein god del stillasarbeid som er kostnadsdrivande. Søkar har ein sær stor kulturhistorisk bygningsmasse å ta vare på.
31	SNU ved Karstein Bremnes	Smelteverk, omn 3	Fasademessig rehabilitering: skifte ein del fasadeplater samt vasking av fasaden.	2 222 600	2 222 600	700 000 Førehandstilsegn 900 000	Odda Smelteverk er eit omfattande og unikt kulturminne, og Omn 3 er ein stor bygning som vil krevje stor innsats å få sett i stand. Storleiken og høgda på bygningen gjev ekstra utfordring i høve til rigging/lift. Tiltaket fekk noko støtte i 2017, og med vidare

							tilskot bør det vera grunnlag for å kunne setja i gang arbeidet.
32	Anders Haaland	Brødretomten	Utbeta roteskader i kledning og gesims. Dessutan foring av skorstein, montering av innervindaug i kjellar mm.	503 000	308 500	300 000	Tiltaka er kvar for seg viktige for ivaretaking og bruk av bygningen. Særleg roteskade hastar å få utbeta. Tiltaket har relativt høg eigenandel.
33	EIUT AS	Slettebakken hovedgård, hovudbygning	Restaurering av vindauga	487 210	244 000	244 000	Bygningen har ei stor mengd gamle vindaug, og tiltaket er vesentleg for ivaretaking av kulturminneverdiane og bruk av huset. Tiltaket har høg eigenandel.
34	Leif Havre	Havrå, bruk 8, 10, 11	Skjøtselstiltak i kulturlandskapet: slå gammal slåttemark.	151 965	151 965	130 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.
35	Helene M. Kjærland	Havrå, bruk 3	Skjøtselstiltak i kulturlandskapet: åkerdrift, stell og hausting av frukttre og berhage, slått av innmark, styving av tre mm.	307 600	307 600	220 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.
36	Museumssenteret i Hordaland	Havrå, bruk 2, 4, 6, 8, 9	Skjøtselstiltak i kulturlandskapet: dagleg gardsdrift, leige av slåttefolk, brakarydding, slått av bruk 9 og av drift bruk 8.	2 966 140	2 854 700	2 200 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø. Drift av bruk 8 er prioritert ned i tilskotsberekninga.
37	Geir Sundal	Havrå, bruk 5, 7, 12	Skjøtselstiltak i kulturlandskapet: gardsdrift med dyrehald, åkerdrift, stell av frukttre og berhage, slått av innmark mm.	650 000	650 000	400 000	Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda formålet med fredinga av Havrå kulturmiljø.
38	Museumssenteret i Hordaland	Lyngheisenteret på Lygra	Skjøtselstiltak i kulturlandskapet: aktiv autentisk drift av kystlyngheiene på Ytre Lygra.	899 563	899 563	600 000	Lyngheisenteret er ikkje freda, men vert rekna som eit særleg verdifullt kulturlandskap og fell difor inn under tilskotsordninga. Skjøtsel av kulturlandskapet er naudsynt for å oppretthalda kulturminneverdiane. Tilskotet er halde på same nivå som i 2017.
	<b>Til saman</b>				<b>22 269 109</b>	<b>12 531 000</b>	

						<b>Førehands- tilsegn for 2019: 4 000 000</b>	
--	--	--	--	--	--	---	--